

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad:	Glitterheim
Dato:	07.09.2016
Tidspunkt:	15:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 eller 947 89 126.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Program

7. september

kl 15: Frammøte ved bommen på nasjonalparkgrensa i Veodalen
Her har Glitterheim sykkelutleige, så vi finn sykklar for turen innover her.

16:00-17:45 Styremøte nasjonalparkstyret.
Start med enkel servering etter sykkelturen frå Veodalen

18:00-19:30 Fellesmøte med DNT og evt. representant frå kommune/fjellstyre
Fellesmøtet startar med synfaring ute og orientering om nye tiltak Glitterheim:
Sjølbetjeningshytte, renseanlegg, ombygg anneks, sykkelskur.
Andre tema: Fannaråkhytta, ekstra merking over Besseggen, evt. andre saker

19:30 Middag
Fellessamtale med DNT kan halde fram under og etter middagen

8. september

08:00 - 9:00 Frokost
Evt omvising på turisthytta

09:30-11:30 Arbeidsmøte forvaltningsplan

Enkel lunsj og avreise ca 12

Det er mogleg at vi ettersender ei eller to tilleggsaker:

- Helikoptertransport av jaktutbytte - fleirårig
- Skutertransport til Vetti Gard og på Vettismorki - fleirårig

Det er opp til styret om dei ønskjer å ta desse opp til behandling på kort varsel.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 28/2016	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 29/2016	Referatsaker		
RS	Rapport Besseggløpet 2016		2013/5721
ST 30/2016	Delegerte vedtak		
1/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016- Innsamling av plantemateriale og jordprøver - Schyren-Gymnasium Pfaffenhofen v/ Elke Leppelsack		2016/4565
ST 31/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Persontransport til Glitterheim -i samband med bryllup - Ine Charlotte Haustreis		2016/5605
ST 32/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av drone til oppdragsfilming / fotografering - Rød Drone Foto v/ Kåre Breivik		2016/5467
ST 33/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende - vurdering av anmeldelse		2016/5480
ST 34/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - utvida skilting av Besseggen for å førebygge unødige redningsaksjonar - Informasjon i regi av nasjonalparkstyret		2016/5174
ST 35/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Sykling og organisert ridning i nasjonalparker oglandskapsvernområder - innspill		2016/32
ST 36/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen		2016/5510
ST 37/2016	Eventuelt		

ST 28/2016 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 29/2016 Referatsaker

Rapport Besseggløpet 2016

2013/5721

ST 30/2016 Delegerte vedtak

1/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016- Innsamling av plantemateriale og jordprøver - Schyren-Gymnasium Pfaffenhofen v/ Elke Leppelsack 2016/4565

Arkivsaksnr: 2016/5605-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 31.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	31/2016	07.09.2016

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Persontransport til Glitterheim -i samband med bryllup - Ine Charlotte Haustreis og Jan-Trygve Akre

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Ine Charlotte Haustreis og Jan-Trygve Akre dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for transport av 8 gjester, på strekninga frå bommen i Veodalen til Glitterheim og attende, for deltaking i bryllaup i tråd med søknad datert 31.08.2016. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld transport av 6 personar frå bommen i Veodalen til Glitterheim torsdag kveld 22. september 2016, og 2 personar på kvelden fredag 23.09. Returtransport av dei åtte personane attende frå Glitterheim til bommen skjer søndag 25. sept.
- Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og skal i størst mogleg grad samordnast med den daglege turen med varetransport til Glitterheim.

Saksopplysningar

Ine Charlotte Haustreis og Jan-Trygve Akre har ved e-post 31. august sendt søknad om dispensasjon for persontransport til bryllup helga 22.-25. september på Glitterheim. Søknaden gjeld for i alt åtte personar som av helsemessige grunnar ikkje kan gå/sykle:

- Torsdag kveld 22.9: 6 personar fra parkeringsplassen inn til Glitterheim
- Fredag kveld 23.9: 2 personar fra parkeringsplassen inn til Glitterheim
- Skyss ut søndag 25. september for åtte personar.

I medhald av samleløyvet til DNT, pkt. 2.1 - Glitterheim - er det opna for enkel behandling av søknader for transport av funksjonshemma dersom det ikkje utløyser behov for ekstra tur – jf. ordlyd i siste kulepunkt under pkt. 2.1:

- *Transport av funksjonshemma skal skje i samband med annan transport, og skal varslast til forvaltningsstyresmakta eller oppsynet på førehand. Dersom det utløyser behov for ekstra tur, må det søkjast eigen dispensasjon.*

Transport av ei større gruppe til familiearrangement som bryllup e.l. kjem ikkje inn under punktet transport av funksjonshemma som kan varslast til administrasjonen. Ein kan vanskeleg sjå at større grupper kan transporterast utan at det blir behov for fleire turar enn den eine daglege varetransporten som ligg inne det fleirårige løyvet. Persontransport må behandlast etter nml. § 48, og krev dermed politisk behandling.

Vurdering

Verneforskrifta set generelt forbod mot motorferdsel. Persontransport er ikkje nemnt som formål i verneforskrifta, og må behandlast etter den generelle heimelen i § 4, som er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova, der ein har følgjande heimel i første ledd: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen gjev følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen: «*Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgd.*»

Eit bryllaup er ei særleg anledning som det er viktig å kunne få delta på, og det er etablert ein praksis i forvaltninga der ein i stor grad har opna for transport av gjester med særlege behov. Fotturismen i fjellet er også på hell når ein kjem ut i september, og verknaden overfor andre brukarinteresser vert derfor vurdert som minimale.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Transporten skjer etter opparbeidd bilveg, og rører ikkje ved naturmangfaldet. Føre-var prinsippet (§ 9) og Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10): Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve til personar med særleg behov for deltaking i arrangement som bryllaup o.l. Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og kan derfor samordnast med varetransport. §§ 11 og 12 om kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode vert vurdert som ikkje relevante spørsmål.

Konklusjon:

Tiltaket vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, og for deltaking på eit så spesielt arrangement som bryllaup er det etablert praksis for å kunne tillate transport etter Glitterheimvegen for dei som elles ikkje vil ha høve til å delta.

Arkivsaksnr: 2016/5467-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 26.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	32/2016	07.09.2016

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2016 - Bruk av drone til oppdragsfilming / fotografering - Rød Drone Foto v/ Kåre Breivik

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48, får Kåre Breivik i firmaet RØD DRONE FOTO dispensasjon for bruk av drone for fotografering til dokumentarbok om sherpaene sitt arbeid innan Jotunheimen NP og Utladalen LVO, i tråd med søknad av 17.08.16.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Opptaksområda er avgrensa til nærområda rundt lokalitetar som er tilrettelagde for ferdsel ved hjelp av sherpaer. Områda blir valde ut i samråd med forvaltarane og i dialog med Rigmor Solem i SNO
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngås.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før kvar flyging via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere opptaksområde, må spørsmålet diskuterast med nasjonalparkforvaltar i god tid før flyging.
6. Nasjonalparkforvaltar får fullmakt frå styret til detaljert avgrensing innan dei rammene for løyvet som er gjeve ut ifrå omsyn til dyre- og fugleliv og friluftslivet.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 17.08.16 frå Kåre Breivik med firmaet RØD DRONE FOTO
- E-postutveksling 19.08.-24.08. for tilleggsopplysningar, m.m.

Kåre Breivik med firmaet RØD DRONE FOTO, søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen/Utladalen i samband med fotografering til dokumentarbok om sherpaer. Opptak er planlagt i områda der det er utført tilretteleggingstiltak v.hj.a. sherpaer.

Tidsrom er ikkje avklara. I søknaden er det gjort nærare greie for oppdraget:

«Jeg søker herved nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen om tillatelse til oppdragsflyging med drone klasse RO1 under 2,5 kilo, i Jotunheimen nasjonalpark og området Utladalen, med det formål å ta stillbilder (ikke film) fra luften. Søknaden fremmes med bakgrunn i oppdraget "å ta enkelte bilder av de Peruvianske sherpaene sitt arbeid med utbedring av stier i området." Bildene er et ønske fra og på oppdrag av et norsk bokforlag og er tenkt brukt i en bok om sherpaene sitt unike arbeid ulike steder i Norge". Det er altså her snakk om noen få enkeltbilder tatt fra luften, på noen få utvalgte steder, som viser de oppgraderte stiene og som skal være et supplement til bokens hovedbilder tatt fra bakken.

Eventuell UAS luftfoto i dette oppdraget vil trolig bety flyging i en høyde på minimum 10 meter og maksimum 50 meters høyde fra piloten og trolig i maksimum ti minutter flytid pr opptakssted for å få gjennomført opptak. Flygingen i forbindelse med denne søknad vil derfor skje i et meget begrenset omfang både i distanse og i tid. Med bakgrunn i gjeldende sikkerhetsmanual for søkeren og for Luftfartstilsynets regelverk for øvrig, vil det aldri komme på tale å fly i nærheten av eller til sjenanse for dyreliv i området. Det vil på samme måte heller ikke være aktuelt å fly dersom det personer/turister til stede på den aktuelle stien eller i området for øvrig, med mindre det er gjort eksplisitt avtale med den/de angjeldende personer, slik det for øvrig vil åpnes mulighet for i regelverket fra luftfartstilsynet. For øvrig vil flygingen ved en eventuelt innvilget tillatelse skje i henhold til gjeldende operasjonsmanual og sikkerhetsprosedyre for søker; enkeltmannsforetak Rød Drone Foto, registrert i Foretaksregisteret med foretaksnummer 917572542. Foretaket har også godkjenning fra Luftfartstilsynet for klasse RO1. - - -»

Det er bedt om tilleggsopplysningar om omfang m.m. Lokalitetar er ikkje bestemt, men aktuelle plassar kan t.d. vera stigane mot Fannaråken og mot Vettisfossen, og det restaurerte steinselet. Dette vil bli nærare avklara i samråd med Rigmor Solem i SNO, som har hatt koordineringsansvaret for stitilrettelegging og bruk av sherpaer.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskriftene § 3 pkt. 7.3 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken og i landskapsvernområdet. Det er tolka slik at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.*»

Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparker, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har avslege søknadar om bruk av drone der formålet har vore filming av fritidsaktivitetar, da dette vil skape uheldig presedens fordi det er svært mange potensielle søkjarar som kan ønskje tilsvarende løyve. Samla belastning kan dermed bli svært høg for slike saker, og såleis i konflikt med naturmangfaldlova § 10. Ein har vurdert det slik at det i liten grad vil skape presedens om ein opnar for profesjonell naturdokumentar-filming og liknande, da det her er langt færre potensielle aktørar.

Ein elektrisk drone er lite høyrbar på noko avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket mindre problematisk enn bruk av helikopter for filmopptak. I dette tilfellet er formålet produksjon av dokumentarfilm, der ein ser på område med tilretteleggingstiltak for betre kanalisering og tilrettelegging for ferdsel. Dei planlagde opptaksområda er derfor ikkje blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor unngå område og tider med stor utfart, og det kan såleis vera naturleg å prøve å unngå flyging på helg. Vidare må det visast respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30). Som det går fram av søknaden, så har søkjaren sterk fokus på å unngå at folk blir filma ufrivillig og at han vil halde avstand til dei som ferdast i områda.

Opptaka vil hovudsakleg skje innan område som er tilrettelagde for bruk.

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i områda rundt tiltak der ein har nytta sherpaer, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Søklar har dette omsynet nemnt i søknaden. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein på grunn av tiltakets karakter tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Dokumentarfilming i desse områda vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Ein dokumentasjon av tilretteleggingstiltaka kan gje auka kunnskap om verneområdet, og arbeidet til sherpaene. Fotograferinga er knytt til anlegg som er vurdert som viktige tilretteleggingstiltak for det naturbaserte reiselivet og friluftslivet i dei aktuelle områda.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2016/5480-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.09.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	33/2016	07.09.2016

Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende - vurdering av anmeldelse

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret ser alvorleg på at det ikkje er gode nok rutinar i samband med Forsvaret si planlegging av øvingsopplegg. Dei sterke friluftsiinteressene i området der flygingane foregjeikk talar for at det blir reagert på hendinga, jf. ordlyden i kgl. res. av 14.11.14 om revisjon av verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret vurderer reaksjonsmønster i medhald av dei gjevne rammene i vedtektene pkt. 8.5, der anmeldelse er den skarpaste reaksjonen.

Saksopplysningar

Saksdokument

- e-post av 17.08.16 frå Norsk forening mot støy v/ generalsekretær Ulf Winther
- diverse e-postutveksling med orintering om oppfølging
- e-post av 29.08.16 til Forsvaret - oversending av klage og informasjon om reglar

Norsk forening mot støy v/ generalsekretær Ulf Winther opplyser i e-post av 17.08.16 at foreninga har fått mange meldingar om alvorleg brot på forskrift for Jotunheimen nasjonalpark i veke 33. Det som skjedde var brot på motorferdselreglane, med lågtflyging under 300 m over bakken. Hendinga er skildra slik i klagen:

«I dag, onsdag 17.8 hadde vi et fantastisk vær i Jotunheimen med sol fra skyfri himmel. Ca. kl 10.30 kom først to jagerfly meget lågt nordfra, altså innenfra nasjonalparken, passerte i meget låg høyde over Besseggenområdet i nasjonalparken og dreide så

skarpt østover langs Gjende like ovenfor Gjendesheim før de forsvant. Like etterpå kom to nye jagerfly som fulgte omtrent samme rute. Flyene fløy derfor meget lågt innenfor vernegrensene for nasjonalparken. - - -

Flyene var malt mørkt olivengrønne og var trolig derfor utenlandske. Minst to av flyene gikk så lavt etter passering av Besseggen-området at de var under nivået for fjelltoppene nord for Gjende. De øvrige passerte rett over fjelltoppene.

Jeg var på dette tidspunktet på kaia ved Gjende, litt ovenfor Gjendesheim, og flyenes passering medførte massiv støy der. Oppe i fjellet, der Besseggen-stien går, må støyforholdene ha vært forferdelige, og trolig kunne medført hørselsskade.

Som kjent er turen over Besseggen en av Norges mest spektakulære fjellturer.

Fjellstrekningen er også svært godt kjent internasjonalt. Det er ca. 40 000 som går over Besseggen hvert år, og de fleste går i juli/august.

Denne formiddagen i dag, med et fantastisk vær og slutten på skoleferien, var det flere hundre som var på tur over eggen. Gjendebåtene måtte sette inn ekstra avganger.

Parkeringsplassene var fulle av biler.

Allikevel velger altså 4 jagerpiloter å foreta lågflygninger over dette meget beferdede fjellpartiet midt i den aller viktigste sesongen for fjellturister, og med all sannsynlighet i strid med verneforskriften for nasjonalparken. For de som befant seg i den meget vanskelige og krevende klatreetappen på eggen må opplevelsen ha vært meget skremmende og svært ubehagelig. Ikke minst for barn og unge.

Lavflygningen over kaiområdet ved Gjende var også helt klart en sikkerhetsrisiko. Her var det samlet svært mange på tur ut og inn i fjellet. Det er også en teltplass like ved der overflygningene fant sted. En menneskelig svikt, eller teknisk svikt på et fly under overflygningen kunne derfor fått katastrofale følger for langt flere enn piloten."

Ulf Winther avsluttar klagen slik:

«Ut fra beskrivelsen kan ikke Norsk forening mot støy avgjøre om det var fire eller to fly (som fløy i en stor sirkel) som brøt loven for Jotunheimen nasjonalpark.

Vi vil understreke at gjentatte representative undersøkelser av nordmenns motiver for å oppsøke naturen viser at 9 av 10 nordmenn legger vekt på muligheten til å oppsøke stillhet. Denne lågtflygingen var en grov krenking av nordmenns legitime krav på stillhet når de oppsøker naturen, og dessuten et klart brudd på forskriften.

Vi vil be om at hendelsen anmeldes, etterforskes og får adekvate reaksjoner.»

Saksbehandlar tok kontakt med Forsvaret måndag 29. august, og refererte innhaldet i klagen frå Norsk forening mot støy. Eg bad vidare om orientering om kva rutinar Forsvaret har for å gjera sine pilotar og ev. samarbeidspartar kjent med gjeldande regelverk. Om mogleg ønskte eg svar innan 7. september for at styret skulle ha desse opplysningane før dei skal ta stilling til om dei vil anmelde brot på verneforskrifta.

Det var vanskeleg for Forsvaret å love så raskt svar, men det vart lova å gå gjennom saka og koma med tilbakemelding når dei hadde behandla saka. Vedkomande som svara stadfesta at fire jagarfly hadde vore der den aktuelle dagen, men at dei meinte dette var ein grøn sone, utan særlege restriksjonar for lågtflyging.

Klagen vart sendt over til Forsvaret ved e-post 29.08, og det vart samstundes gjeve orientering om innhald i verneforskrifta.

Vurdering

Verneforskrifta for Jotunheimen gjev slike føringar for lågtflyging:

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.

6.2 *Reglane i pkt. 6.1 er ikkje til hinder for:*

c) Lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vêrtilhøve gjer det naudsynt av omsyn til tryggleiken.

d) Forsvaret sin naudsynte lågtflyging i perioden 15. september til 1. juli.

Lågtflyginga skjedde midt i perioden med restriksjonar. Ut frå den detaljerte skildringa av korleis flyginga skjedde, synest det vera sannsynleg at flya kunne vera nærare bakken enn 300 meter.

Det har vore meldt om liknande tilfelle ved eit par andre høve, men ingen har vore så presise og detaljerte på tid og flygemønster som denne.

Det synest uforsvarleg å setja i verk militærøvingar utan tilfredsstillande planlegging og kartlegging av område som i det aktuelle tidsrommet har restriksjonar på lågtflyging. Ein må forvente at Forsvaret har gode rutinar på å orientere pilotane om gjeldande regelverk før slike operasjonar blir sett i verk.

Vedtektene for nasjonalparkstyret har følgjande ordlyd når det gjeld oppfølging av ulovlege forhold:

8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene

Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/meldt til politiet eller vert rapport til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjoner, jf. naturmangfaldlova kap. VIII.

Saka blir lagt fram for styret for drøfting av reaksjon innan rammer sett i pkt. 8.5 i vedtektene for styret. Det som talar for å melde saka til politiet er at ein da kan få ein fullstendig gjennomgang av alle forhold i saka, og får synleggjort at det er behov for betre rutinar ved planlegging av militære øvingar med lågtflyging.

Dei sterke friluftinteressene talar for at det blir reagert på hendingane den 17. august, jf. grunngjevinga i kgl. res. for det vedtak om lågtflygingsforbod i forskrift av 14.11.14: «Jotunheimen er òg eit fjellområde som er særskild viktig for friluftsliv, både om sumaren, hausten og vinteren. Av omsyn til dei sterke friluftinteressene, anbefalar Klima- og miljødepartementet at det vert forbod mot Luftforsvaret sin naudsynte lågtflyging med jagerfly i perioden 1. juli - 15. september.»

Arkivsaksnr: 2016/5174-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	34/2016	07.09.2016

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - utvida skilting av Besseggen for å førebygge unødige redningsaksjonar - Informasjon i regi av nasjonalparkstyret

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret ønskjer å bidra til å legge til rette for tydelegare informasjon om turen over Besseggen. Det er mange aktørar som driv verksemd i området, og den ekstra skiltinga bør skje i regi av Nasjonalparkstyret. Innhald på skilta blir utarbeidd i nært samarbeid med dei andre aktørane (hjelpekorps, DNT, politiet og bedrifter som har tett kontakt med Besseggen-vandrarane).

Skilta skal vera utplasserte før sesongen 2017.

Styret takkar ja til tilbodet frå Vågå Røde Korps Hjelpekorps om å setja opp skilta.

Det blir med heime i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 e) gjeve dispensasjon for oppsetting av skilt langs Besseggruta, i tråd med det ein kom fram til i møte hos Vågå Røde Kors Hjelpekorps den 11. august 2016.

Nasjonalparkforvaltarane får fullmakt til å gjera nærare avtaler om detaljert plassering og innhald på skilta, i nært samarbeid med dei mest sentrale aktørane i området. Skilting skjer på norsk og engelsk, med gode illustrasjonar om turen og om utstyret.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Brev av frå Vågå kommune v/ ordførar Iselin Jonassen
- Innkalling av 09.08.16 til drøftingsmøte 11. august i Vågå
- Referat frå møte 11.08.16 med Vågå Røde Kors Hjelpekorps, Politiet og Vågå kommune

Bakgrunn

Stadig auke av trafikk, særleg på Besseggen, fører til situasjonar med folk som ikkje er rusta til ein krevjande fjelltur, og stadig fleire hendingar endar med redningsaksjonar. NRK Hedmark og Oppland hadde 1. september ein reportasje etter nok ein redningsaksjon på Besseggen for å få ned 16 personar. Leiaren av Oppland Røde Kors uttrykte da stor bekymring for å oppretthalde den friviljuge tenesta når ein del korps blir utsett for så sterk belastning som dei i Vågå spesielt, men også dei andre hjelpekorpsa rundt Jotunheimen. Andre område med store utfordringar er Preikestolen og Trolltunga.

Ein ser tydeleg auke etter den massive marknadsføringa av Besseggen som ein av verdas beste fjellturar. Med 50 000 besøkande må ein rekne med fleire redningsaksjonar, men mange av desse er unødvendige. Altfor mange legg ut på turen utan fysiske føresetnader og nødvendig utstyr for ein såpass krevjande tur. Politiet og AMK signaliserte i møte 11. august at dei kjem til å vere meir strenge, og oppmode dei som tek kontakt om å setja seg ned og samle krefter, før dei prøver å gå vidare ved eiga hjelp. Terskelen har nok vorte lågare for å ringe naudtelefonen 113, og oppdrag med å hente folk som berre er slitne eller for dårleg utstyrt går ut over den oppretta beredskapen knytt til ulykker og nødvendige redningsaksjonar knytt til skader og akutt sjukdom. Dei ser det likevel ikkje aktuelt å krevje refusjonar. Forvaltninga eller andre private aktørar har heller ikkje lovheimel til å stanse fotturistar eller fysisk stenge fjellruter. Mange har problem med å forstå at det norske høgfjellet krev at ein må vera budd på både nedbør og kulde, også om ein startar med varmt sommarvær i låglandet. Dette er ei felles utfordring for redningstenesta, reiselivet og forvaltninga og ein må stadig jobbe med betre og meir tilpassa informasjon.

Vågå Røde Kors har hatt generell auke i oppdrag siste 10 åra, og det synest å auke vidare. Harald Rune Øvstedal på Gjendebåten har kome med innspel om å få opp skilt langs ruta som viser kor langt dei har gått og kva som står att. Eit konkret eksempel kunne t.d. vera eit varsel ved krysset mot Russvatnet med melding om at dei som brukte to timar eller meir opp dit, burde snu og følgje båten attende frå Memurubu.

Det er ikkje tradisjon for å skilte langs fjellruter i Noreg. Unntaka i Jotunheimen er sikkerheitsskilt knytt til bre og utsett punkt på Knutshø. Auka marknadsføring og auka popularitet gjer at nokre fjellruter har vorte turistopplevingar som tiltrekk seg mange uerfarne besøkande. Desse rutene krev fleire sikkerheitstiltak som t.d. skilting.

Ved oppsummering i møtet 11. august var det semje om å ta med innspel frå møtet til diskusjon i nasjonalparkstyret 7.-8. september. Punkt for oppfølging er m.a.:

- Ta opp saka med DNT, som har ansvar for merkinga av Besseggstigen.
- Nasjonalparkstyret/-forvaltarane utarbeider utkast til tekster for informasjonsskilt for utplassering til neste sesong. Sender ut forslaget for merknader for å få god forankring.
- Må få ut betre informasjon til neste sesong. Overnattingsbedrifter, Beitostølen, destinasjonsselskap,
- Adressat kan vere fleire, men viktig med ein koordinator for å sikre mest mogleg einsarta budskap.
- Hjelpekorpsset er viljuge til å bidra med utplassering av skilta

Vurdering

Dispensasjon for utplassering av ekstra skilt blir vurdert etter følgjande:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark revidert 14.11.14.
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009.nr.100.
- Forvaltningsplan, utkast/tilråding etter høyring i 2008

Etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 om *Vern mot inngrep i landskapet* er oppsetting av skilt forbode i nasjonalparken. Forvaltningsstyresmakta med heimel i § 3 pkt 1.3 e) gje løyve til: *Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.*

Folk er lite mottakelege for informasjonen som faktisk er tilgjengeleg på nett og på skilt før dei startar turen, så skilting undervegs kan kanskje ha betre effekt, når dei byrjar å kjenne turen litt i beina. Opplysningsskilt langs ein sterkt trafikkert stig vil ikkje ha nokon innverknad på det biologiske mangfaldet eller verneverdiane elles. Skilta må vera godt synlege, men samstundes ha ei utforming og ein kvalitet som gjer at dei ikkje verkar skjemma. Det er lite aktuelt å setja ut dei massive ståltavlene som er innført med den nye merkevarestrategien her, da desse er lite flyttbare. Det er her viktig med fleksibilitet for å kunne prøve seg fram mot eit opplegg med best mogleg verknad.

Unødvendige aksjonar eit problem, både for frivillige, politiet og luftambulansen. Tiltaket synest heilt nødvendig for å prøve å møte utfordringane med stadig fleire dårleg førebudde besøkande på ein betre måte. Ein kan ikkje stenge Besseggråket eller nekte folk å gå. Det er viktig å informere – både på nett, i direkte dialog og med plakatar/skilt. Fleire har dårlege språkkunnskapar, men det er vanskeleg å nå alle på deira språk. Fleirspråkleg informasjon kan skje via nett/brosjyrar, men skilttekstene bør halde seg til norsk og engelsk for å halde det enkelt og oversiktleg. Dei aller fleste som må reddast er nordmenn og europeiske turistar som forstår engelsk.

Illustrasjonar er viktig, og eit høgde-/lengdeprofil av turen med markering av kvar dei er nå kan illustrere korleis dei ligg an. Utkast til skilt bør utarbeidast av forvaltarane, og sendast Vågå Røde Kors, DNT, Gjendebåten og politiet for eventuelle merknader før produksjon

Aktuelle skiltplasseringar: Ovafor Memurubu, Russvasskrysset og på Bandet for ein startar sjølve klyvinga opp eggen. Andre kan også verta aktuelle. Det er ein fordel at hjelpekorpsset tek seg av utplassering, for å få skilta på dei mest strategiske plassane.

Arkivsaksnr: 2016/32-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 02.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2016	07.09.2016

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Sykling og organisert ridning i nasjonalparker og landskapsvernområder - innspill

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har følgjande innspel til brev av 06.06.2016 frå Miljødirektoratet

- Sykling og organisert ridning i nasjonalparker og landskapsvernområde kan skje på *opparbeidde vegar* i verneområda.
- Ei generell opning for sykling på *alle stigar* i nasjonalparker / landskapsvernområde må følgjast opp med betydelege ressursar for auka vedlikehald og førebyggjande tiltak mot terrengskader.
- Begrepet «*eksisterende stier*» må få ein utfyllande definisjon, da det elles vil verta svært mange tolkingar på kva som er ein stig.
- Det vil krevje store ekstra ressursar til forvaltninga for å følgje opp kravet om å utføre sårbarheitsvurderingar på alle område/stigar der ein ikkje ønskjer terrengsykling i verneområda. Det at eventuelle forbod mot sykling på konkrete område/stigar må ha grunngeving i verneformålet og vera forankra i sårbarheitsvurderingar, synest ikkje å vera i tråd med føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlovas § 9, dersom ein ikkje har tilfredsstillande kapasitet på forvaltningssida.
- For å kunne gjera sårbarheitsvurderingar knytt til sykling og ridning langs det etablerte stignettet, er det nødvendig med ein tydeleg definisjon og å få alle eksisterande stigar teikna inn på eit temakart knytt til forvaltningsplanane for dei aktuelle verneområda.

Saksopplysninger

Saksdokument

- Brev av 06.06.2016 frå Miljødirektoratet
- Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14.
- Utkast til forvaltningsplan frå 2008
- NINA Rapport 1191 (2015). Sårbarhetsvurdering i verneområder. Utvikling av metodikk for å vurdere sårbarhet for vegetasjon og dyreliv knyttet til ferdsel i verneområder i fjellet.
- Sak 8/2016 i nasjonalparkstyret - *Høyring av forslag til endringar i regelverk for bruk av el-sykkel i utmark og på behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag for persontransport – Uttale*
- Naturmangfaldlova

Miljødirektoratet ber i brev av 06.06.156 om innspel til spørsmålet om sykling og organisert riding i nasjonalparkar og landskapsvernområde.

I Meld. St. 18 (2015-2016) er det forslag om å opne for sykling på vegar og stigar i nasjonalparkar og landskapsvernområde. Dette kan medføre forskriftsendringar i dei aktuelle verneområda. Dersom verneformålet tilseier det, skal sykling likevel kunne regulerast i avgrensa område. Miljødirektoratet legg til grunn at eventuelle forbod mot sykling på enkelte område/stigar må ha grunngeving i verneformålet og sårbarhetsvurderingar, og krev også forskriftsendringar gjennom kongeleg resolusjon.

I gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen og Utladalen er sykling og organisert riding regulert i § 3 pkt. 5.3:

«Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er bare tillatt på veier, eksisterende stier og kjørespor. Det kan i forvaltningsplan fastsettes restriksjoner for slik ferdsel på nærmere angitte strekninger.»

Utdrag av brevet frå Miljødirektoratet:

«Prosess ved eventuelle forskriftsendringer

Det vil som følge av dette derfor kunne være aktuelt å tilrå en generell åpning for sykling på vei, kjørespor og sti i nasjonalparker og landskapsvernområder, samtidig som det foreslås konkrete områder/stier hvor sykling er forbudt. Tilsvarende kan det være aktuelt å se på hvordan en skal regulere organisert ridning. - - - Vi legger til grunn at sykling og organisert ridning ikke nødvendigvis skal reguleres på samme måte.

- - -

Etter rundskriv T2/15 Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven er det Fylkesmannen som forbereder og tilrår endringer i verneforskrifter ovenfor Miljødirektoratet. Nasjonalpark- og verneområdestyrene har som forvaltningsmyndighet god lokalkunnskap og skal involveres i arbeidet med eventuelle forskriftsendringer. Fylkesmannen vil således få oppdraget med høringer og tilrådninger om forskriftsendringer på vanlig måte. Styrene skal som forvaltningsmyndighet gi sine anbefalinger til Fylkesmannen før høring og Fylkesmannen skal legge særlig vekt på denne i utarbeidelse av høringsforslaget.

- - -

Sårbarhetsvurderinger

Miljødirektoratet vil på denne bakgrunn anmode styrene og forvalter om å starte arbeidet med å vurdere hvorvidt det er stier/veger i nasjonalparkene der det av hensyn til verneverdiene ikke er ønskelig å tillate sykling og organisert bruk av hest. I disse vurderingene ber vi om at Norsk institutt for naturforskning (NINA) Rapport 1191 Sårbarhetsvurdering i verneområder legges til

grunn. Vurderingen må i stor grad basere seg på eksisterende kunnskap i denne omgang. Kriterier som bør inngå i en slik vurdering er

- Forekomst av sensitiv vegetasjon ved de aktuelle stiene
- Forekomst av sensitive arealer for dyreliv i nærområdet til stien/vegen, særlig med hensyn til funksjonsområder (kjente yngleområder for sensitive arter som f.eks. rovfugl og villrein, trekkveier o.l.)

- - -

På lengre sikt vil det være ønskelig at sårbarhetsvurderinger knyttes til mesteparten av stinettet i nasjonalparkene, men dette er en større oppgave som vil ta tid. Dette innebærer imidlertid at ny kunnskap kan føre til justeringer av restriksjonsnivået i framtida.

Det pågår nå et feltstudie for å utrede hvilken effekt sykling og ridning har på ulike stier, hvor Norsk institutt for naturforskning har oppdrag, og vil levere en rapport om dette i oktober 2016. NINA Rapport 1182 Effekter av ferdsel og friluftsliv på natur, gir også nyttig informasjon.

Det vil på et senere tidspunkt måtte defineres nærmere om generell åpning for sykling bør avgrenses til «opparbeidet stier» og veier, samt kjørespor. Forslag om adgang til bruk av el-sykkel på opparbeidet sti (etter forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark) har vært på høring. I tillegg er det i høringen foreslått at el-sykkel defineres som sykkel etter verneforskrifter. Nye bestemmelser om dette er pr. i dag ikke vedtatt, men kan få betydning for reguleringen i verneforskriftene.

I arbeidet med besøksstrategier, tilrettelegging for ferdsel og generell forvaltning av verneområdene skal hensynet til reindrift vektlegges. Hensynet til reindrift vil derfor også kunne være et tilleggsmoment i vurderingen av hvilke områder som bør skjermes mot sykling / organisert ridning. Forvaltningen bør derfor ha et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag mht. dette.

Avslutningsvis

Miljødirektoratet ønsker å informere om dette arbeidet nå i forkant av årets feltsesong, slik at det er mulig å starte arbeidet med sårbarhetsvurderinger allerede i år, for eksempel i forbindelse med planlagte befaringer, feltarbeid el. Det kan ved behov drøftes med lokalt SNO om de har kapasitet til å bistå i forbindelse med eventuelt kartleggingsarbeid.

- - -

I nasjonalparker og landskapsvernområder hvor det ikke er bestemmelser som regulerer sykling, vil det som utgangspunkt ikke være aktuelt å gjøre endringer.»

Vurdering

Forslaget om mindre restriksjonar på sykling i terrenget er vanskeleg å vurdere konsekvensane av. Det bør også sjåast i samheng med Naturmangfaldlovas § 9: § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Dersom ein skal avvente regulering til ein har konkret dokumentasjon på at aktiviteten går ut over verneverdiane, vil ein truleg koma for seint på banen i mange høve.

Begrepet «eksisterende stier» må få ein utfyllande definisjon, da det elles vil verta svært mange tolkingar på kva som er ein stig. I sak om likestilling av el-sykkel med vanleg sykkel uttala nasjonalparkstyret mellom anna følgjande:

«- - - - Nasjonalparkstyret meiner derfor at ny § 2a. i forskrift til motorferdsellova må presisere at bruk av el-sykkel er avgrensa til veg og opparbeidd stig: 'Bruk av motorisert kjøretøy som etter vegtrafikklovgivningen regnes som sykkel er tillatt på veg

og opparbeidet sti i utmark. Dette fordi det er vanskeleg å vurdere verknad på naturverdiane om det vert opna for sykling etter alle slags stigar og trakk. Førre-var-prinsippet etter naturmangfaldlova § 9 tilseier at ein bør ha ei avgrensing som definerer kva type stigar som er sykkeltrasear. Med krav til *opparbeidd* stig vil ein kunne redusere omfanget av terrengskader på gamle trakk og stigar som lett får djupe spor og påfølgjande vasserosjon dersom det blir sykla der forholda ikkje ligg til rette for det. - - -»

Dei nye forskriftene avgrensar i utgangspunktet ikkje bruk av sykkel og organisert riding så lenge det skjer langs «*veier, eksisterende stier og kjørespor*» (§ 3 pkt. 5.3).

«*Eksisterende stier*» er – som kommentert i sitatet over – eit ganske vidt omgrep, der det er rom for tolkingar. Dersom eitkvart synleg trakk blir tolka som stig, kan sykklistar og ryttrarar ferdast nær sagt over alt, og det er nødvendig å få ei nærare presisering av dette begrepet. For å kunne gjera sårbarheitsvurderingar knytt til sykling og riding langs det etablerte stignettet, er det nødvendig med ein tydeleg definisjon av kva som er eksisterande stigar og få desse innteikna på eit temakart.

Terrenget i Jotunheimen og Utladalen er relativt utfordrande for sykling, men ein har dei siste åra registrert sykkelspor på stadig nye plassar. Terrenget er med og kanaliserer ferdsla til meir eller mindre faste trasear, men dei relativt smale stigane gjev også utfordringar med tanke på forholdet mellom ulike brukarar av stignettet.

Dei velbrukte stigane er ofte prega av større steinar som stikk opp der terrenget i traseen elles er trakka ned, og her vil ofte sykklistar finne seg eit spor ved sida av stigen. Dette gjev ein stadig breiare trase, der brukarane sjølv finn seg stadig nye spor på blaute eller steinete parti av stigane. Dette skjer også der det berre er gåande, men problemet synest å auke når også sykklistane kjem på banen. Eit særleg problem knytt til slitasje frå sykklar er sekundær erosjon av vatn, der sykkelspora fungerer som små vasskanalar som lett blir utvida ved kraftige regnbyger.



Sykkelspor i Jotunheimen

Ei generell opning for sykling på alle stigar, vil krevje auka behov for vedlikehald og førebyggjande tiltak mot erosjon. Dette betyr at det må setjast av økonomiske ressursar for å kunne følgje opp med nødvendige tiltak for å reparere slitasjespora før det oppstår alvorlege erosjonsskader. Trasear med stor ferdsel vil også vera lite eigna for sambruk mellom gåande og syklande. Denne problemstillinga er relevant for fleire av dei merka stigane i Jotunheimen, som har forholdsvis mykje ferdsel.

Tema sykling og riding vil bli nærare omtala i revisjon av forvaltningsplanen.

Arkivsaksnr: 2016/5510-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 30.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2016	07.09.2016

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen

Forvaltar si innstilling

Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere hundekjørarløp april 2017, i tråd med søknad.

1. Dispensasjonen gjeld oppkjøring og merking av løype på den delen av strekninga Gjendesheim-Gjendebu-Bygdin som ligg innan nasjonalparken, jf. kart i søknaden
2. Arrangøren er ansvarleg for at deltakarar og publikum blir gjort kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken, og at det er særlege reglar for ferdsel her
3. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter at rennet er avvikla.
4. Det kan nyttast to scooterar m/ hengar for tilrettelegging av traseen på førehand, og ein runde for opprydding etter løpet
5. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.
6. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
7. Høgtaleranlegg skal ikkje brukast innan nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
8. Arrangøren skal innan ein månad etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. I tillegg krevst løyve i medhald av motorferdsellova frå dei aktuelle kommunane, og frå grunneigar, jf. motorferdsellova.

Arrangement og konkurransar er blant tema som blir nærare vurdert ved revisjon av forvaltningsplanen.

Saksopplysninger

Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen har søkt om dispensasjon for gjennomføring av eit hundeløp, som delvis vil gå innan Jotunheimen NP. I søknaden er det gjort nærare greie for opplegget:

Klubben ønsker nå å jobbe for å få etablert sitt eget løpsarrangement med utgangspunktet i det gamle jotunheimløpet der vi har ambisjoner om å tiltrekke oss mye av hundekjørermiljøet i Sør Norge og vi vil jobbe for at vi kan få til dette som et fast årlig arrangement og første gang i 2017. Dette arrangementet blir planlagt på vårparten, sansynligvis første helg etter påske.

Vi ser for oss å bruke eksisterende oppkjørte løypetraseer både egne og andre klubbers godkjente hundeløyper, etablerte skiløyper og kvista DNT løyper. Vi har hatt dialog med løypeeiere i Sjødalen (Gjendesheim, Sjødalen Hyttetun, Hindsæther, Skåbu), Vågåfjell turløyper og DNT ang å bruke etablerte løyper. Dette har vi fått positive tilbakemeldinger på i.o.m at dette løpet vil gå etter påske når bruken av de etablerte løypene fra skiløpere er kraftig redusert. Noen av destinasjonene i Sjødalen er også meget interessert i å bidra på forskjellig vis både i forkant og under selve arrangementet.

Når vi da bruker eksisterende løyper vil behovet for å kjøre opp egne løyper i hovedsak forsvinne og begrense seg til å kjøre igjennom løypa med snøscooter noen dager i forkant for å sette opp nødvendig merking og skilting og en tur dagen før/samme dag som arrangementet for å kvalitetssikre denne merkingen samt kjøre spor ved kraftig snøvær. Videre ved tur i etterkant av løpet for å fjerne alle spor etter løpet. Ved gjennomkjøring av løypene vil vi samarbeide med de som allerede har scooterløyper for løypekjøring i området. Røde kors kan også være aktuelt å bruke her.

KONSEPT 2017


Tidspunkt for gjennomføring i 2017 vil være 21-23 april

Grovt sett ser vi for oss løypeakse fra Skåbu – Nysetrene - Sjødalen Hyttetun-Gjendesheim-Gjendebu-Høystakkane-Bygdin-Valdresflya -Jotunheimvegen-Heimdalen- Sikkilsdalen. Her vil vi da bruke eksisterende skiløyper/turløyper og egen og andre klubbers godkjente hundeløyper og traseer som jevnlig blir brukt av andre instanser i området. For de kommuner som har hatt befatning med Gausdal Maraton vil noe av denne traseen også nyttes. Det vil ikke bli behov for camping/hvile i terrenget noe sted da sjekkpunkter/hvilepunkter er planlagt til Gjendesheim, Sjødalen Hyttetun og Skåbu sentrum. Ut i fra dette løypenettet tenker vi tre forskjellige distanser fra ca 9 til ca 25 mil , alle med start og målgang på Gjendesheim. Denne traseen vil berøre 5 kommuner. De forskjellige distanser vil ha forskjellige starttidspunkt og det vil være aktivitet i løypene fra fredag ettermiddag til lørdag kveld. Arrangementet vil ha en bankett/avslutning lørdagskveld. Løypene vil være ryddet iløpet av søndag.

Jotunheimen Hundekjørarlag søker derfor om tillatelse til å gjennomføre dette arrangementet i tidsrommet 21-23 april 2017 ut i fra denne plan /konsept samt tillatelse til å kjøre gjennom løypene før løpet og etter løpet med to snøscootere med hengere hver tur.

Vedlegg:

Kart med løypetraseer



Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova §§ 8-12
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Tidlegare verneforskrift hadde eit eige punkt i som omhandla arrangement som konkurransar o.l., men revidert forskrift har nå berre punkt kalla organisert ferdsel (5.2). Omgrepet «organisert ferdsel» høver for turrenn og liknande, men verkar ikkje heilt dekkande for NM, konkurransar og ymse arrangement som ikkje er knytt til turrenn og organiserte turar. Forvaltar finn det derfor mest relevant å nytte den generelle heimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48.

Løypetraseen går ikkje inn på særleg sårbare lokaliteter, som t.d. hekkeplassar for rovfugl. Når det gjelder kartlegging av andre artar, er registreringane meir mangelfulle i Jotunheimen, men kunnskapsgrunnlaget er likevel vurdert som tilstrekkelig for å ta avgjerd – jf. vurderingskriteria etter naturmangfaldlovas §§ 8-10 (*kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*). Løpet krev oppkjøring av løypetrase med snøscooter på førehand, men dette skjer etter ein etablert trase. Arrangøren bør gjennomføre informasjonsmøte i forkant av rennet, med orientering om

vernereglar for nasjonalparken jf. § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og arbeidsmetoder*). § 11 (*kostnader ved miljøforringelse*) blir vurdert som lite relevant i dette tilfellet.

Eit arrangement som går over ein dag, og med god oppfølging frå arrangøren si side, blir ikkje vurdert å vera i konflikt med verneformålet. Belastning i høve til naturmangfald og friluftsliv er begrensa med den planlagte traseen etter eksisterande løypenett. Ideelt sett burde denne typen leggst utanom verneområde, men ein ser at sløyfa om Gjende og Bygdin gjev ein god samanheng for løpet samla, og høver godt med planlagt opplegg med Gjendesheim som eitt av sjekkpunkta i løpet. Det er ein fordel at sjekkpunkt ligg utanfor nasjonalparken.

Eit større arrangement vil styrke vårsesongen for bedriftene i området, og kan gje positive ringverknader for lokalt næringsliv. Løpet held seg til etablerte løyper, der løypeeigarane har stilt seg positive til den omsøkte bruken. Tiltaket vil i tillegg krevje godkjenning frå grunneigar – jf. motorferdsellova § 10: «Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eigedom».

Arrangementet må evaluerast nøye i etterkant, før ein eventuelt tek stilling til om det kan arrangerast fleire gonger. Arrangement og konkurransar er blant tema som inngår ved revisjon av forvaltningsplanen.